

# Eit anlegg å bygge

## Takk skal dere ha!

Vestnes Varfjell IL har i dag: 455 aktive og 271 støttemedlemmer, mange er siste året kome til som medlemmar gjennom gull- og sølvklubbmedlemskap i kunstgrasbana som har vist seg som eit kjempeattraktivt område for stor og små, heile året.

Siste året har idrettslaget investert pengar i kunstgrasbane til 7,2 millionar, sandvolleyballbane, første byggetrinn av ei framtidig kunstisbane og øvrig kvalitetshøgdingar i Vestnes idrettspark. Vi har investert 1,3 millionar kroner pluss dugnad i anlegget og har via eigne oppsparte midlar og sponsorar tilført laget verdiar utan at idrettslaget til no har lån på anlegget!

## Korleis er dette mulig vil nok mange seie?

- Hardt arbeid og god planlegging sidan 2001 i VVIL
- 1/3 av automatinntektene frå 5 automatane blir benytta som eigenkapital i våre prosjekt.
- Vestnes kommune har med sitt prosjekteigarskap med påfølgjande mva refusjon, spart VVIL og prosjektet for 1,2 mill
- Sponsorar og gull/sølvklubben har bidratt i prosjektet med til saman 650.000
- god styring i anleggsperioden av Geovest-Haugland, Vestnes kommune og VVIL.
- årsmøtevedtak i VVIL 2002 om å arbeide vidare med kunstgrasbane på Vestnes stadion
- nødvendig kommunalt bidrag på 1,56 millionar, 8. mars 2004 (22%) som utløyste tippemidlar til prosjektet.
- Sist men ikkje minst, alle aktive fotballspelarar betalar økt treningsavgift til hovudlaget i VVIL.

Som de forstår har styret mange å takke får at kunstgrasbana er blitt ein



Frå opninga av Vestnes idrettspark for eitt år siden. No vil leiar Kai Magne Stokkeland (til høgre) også bygge ut tomte i bakgrunnen. Årsmøtet har gitt grønt lys for å gå vidare med prosjektet.

realitet og vil legge grunnlaget for at Vestnes kommune og VVIL i åra framover vil få mange store høgdepunkt både på lags nivå og med enkeltspelarar med usedvanlig gode ferdigheitar - forhåpentlegvis langt betre enn fotballen i Vestnes kan tilby.

Draumen er at vi skal få eit fotballag i kommunen som vil spele i 2. divisjon og kan spele 2. runde i cupen der vi slår MFK 1-0 i parken med 1500 på tribunen! Fram til dette kan skje må vi vidareføre ei felles satsing på fotballen i Vestnes kommune. Dette gjelder først å fremst på jente/damer som har manglande rekruttering, men også for junior gutar som neste år vil få i overkant av 20 spelarar frå heile kommunen. Det må være ei høg prioritet å lage eit tilbod i 1. divisjon med cupspel for denne målgruppa i 2007 – ein føre-

spurnad til TIL/Fiksdal/Rekdal vil bli tatt umiddelbart etter sesongslutt.

For å komme dit har vi framleis ein lang veg å gå **men** grunnarbeidet og grunnmuren, bygd stein for stein er ferdig gjennom kunstgrasbana i VIP, no begynner arbeidet med reisverket! Vi må fortsette å skulere trenarar, leiarar og spelarar på det som skal kome. Fotball dreier seg som alltid om gode kollektiv, gjere kvarandre gode på og utanfor fotballbana. VVIL har alle fortsetningar for å klare dette gjennom framtidige store årskull og vidareutvikling av spelaranes sine gode ferdigheiter, holdningar og verdiar.

*Eit lite ønske har eg også til alle våre aktive spelarar på ungdomstrinnet, bruk meir tid på skule, lekser og trening, og mindre tid på unyttig bruk av PC-en!*

## Flest mulig lengst mulig!

Visjonen er no forhåpentlegvis godt kjent blant foreldre, leiarar, trenarar og spelarar i VVIL og betyr i korte trekk at vi alle har eit felles ansvar om å ta vare på kvarandre og gi spelarane, foreldre, trenarar og leiarar utfordringar og muligheter for engasjement og utfolding på ulike nivå, gjennom sitt medlemskap i VVIL. Klarer vi å få med oss fleire pensjonistar i vårt arbeid for fellesskap er dette begynninga. Klarer vi å behalde tidlegare aktive spelarar i vårt idrettsmiljø enten som leidarar, trenarar, styremedlemmar eller dommarar er dette et framskritt! Og klarer vi å gi både spelaren, pensjonisten og foreldre ei meningsfull og aktiv fritid i vårt sterke fellesskap, har vi lukkast! Flest mulig, lengst mulig!



**Krogset Sagbruk AS**  
Sagbruk - Trelasthandel - Byggevarer  
6394 Vikebukt - Telefon 71 18 06 95

**Vi utfører: Nybygg og tilbygg  
Rehabilitering - Utv. asbestsanering**

**Start fisketuren hos oss!**  
Stort utvalg i fiskeutstyr, fritidsklær, sykler, plenklippere m.m.  
**TRESFJORD**  
**LANDBRUK & FRITID A/S**  
Vis á vis Salthammer, Tresfjord  
6391 Tresfjord Tlf 71 18 34 66 - Fax 71 18 34 90

## FOTBALLAVISA

Organ for Vestnes Varfjell IL fotballgruppa. Utgitt første gong i 1969

### Ansvarleg utgjevar:

Vestnes Varfjell idrettslag  
v/ leiar Kai Magne Stokkeland

### Adresse:

Vestnes Varfjell IL Fotball  
Boks 105  
6399 Vestnes

**Internett:** www.varfjell.no

**E-post:** post@varfjell.no

**Annonsealg:** Knut Øyvind Hoem og  
Yngve Solevågseide

### Redaksjonelle bidragsytarar:

Kai Magne Stokkeland, Geir Åge Sylte, Ingvar Eidsvik, Marianne Lied Sæter og Gjermund Kjøpstad

**Ombrekking:** Vestnes Varfjell IL

**Trykk:** Orkla Trykk Nordvest, Ålesund

**Opplag:** 2500 eksemplar.

### Utdeling:

Nordvest distribusjon  
Leverd fritt til alle medlemmar, samarbeidspartnerar og andre innbyggjarar i Vestnes kommune. Redaksjonen avslutta 2. juni 2006.

Vestnes Varfjell gir også ut program ved alle heimekampar for A-laget.